


Reformasjonens



Kalvåg 09.06.2017

Sola

frelst av

Sola

ved

Solus

i

Sola

ifølge

Soli

til

GRATIA

Nåden åleine

FIDE

Trua åleine

CHRISTUS

Kristus åleine

SCRIPTURA

Skrifta åleine


DEO GLORIA

Guds ære åleine

Judas 3 «De kjære!
Medan eg var ivrig
oppteken med å skriva
til dykk om vår felles
frelse, fann eg det
naudsynt å skriva til
dykk for å formana dykk
til å kjempa for den trua
som éin gong for alle
har vorte overgjeven til
dei heilage».

Skrifta sitt vitnemål om seg sjølv


2.Tim 3:16 «Heile Skrifta er innanda av Gud og nyttig til lærdom, til overtyding, til rettleiing, til oppseding i rettferd»,



Skrifta sitt vitnemål om seg sjølv

Apostelen Paulus er bevisst på at hans budskap er «Guds ord»:

1.Tess 2:13 «Difor takkar vi alltid Gud for dette: Då de fekk det ordet som vi forkynte, tok de imot det, ikkje som menneskeord, men, som det i sanning er, som Guds ord, som verkar med kraft i dei som trur».



Skripta sitt vitnemål om seg sjølv

Dette fordi han er kalla til å forkynne evangeliet om Jesus av Gud sjølv:

- **Galaterbrevet 1:1** «Paulus, apostel, ikkje av menneske eller ved noko menneske, men ved Jesus Kristus og Gud Fader, som reiste han opp frå dei døde»,
- **Galaterbrevet 1:11-12** «Eg kunngjer dykk, brør, at det evangeliet eg har forkynt, ikkje er menneskeverk. Heller ikkje har eg motteke det eller lært det av noko menneske, men ved Jesu Kristi openberring».
- **1.Korinterbrev 2:9** «Men, som skrive står: Det som auga ikkje såg og øyra ikkje høyrde, og som ikkje kom opp i noko menneskehjarta, det har Gud bestemt åt dei som elsker han».




Skrifta sitt vitnemål om seg sjølv

Jesu bodskap er frå Gud, og forholdet til han står og fell på forholdet til hans ord:

- **Joh 7:16** «Jesus svara dei og sa: Mi lære er ikkje mi, men hans som sende meg».
- **Joh 14:23** «Jesus svara og sa til han: Om nokon elsker meg, då held han ordet mitt, og Far min skal elska han, og vi skal koma til han og ta bustad hjå han».

For gjennom ham har Gud talt, Hebreerbrevet 1:1-2 «Etter at Gud i fordoms tid mange gonger og på mange måtar hadde tala til fedrane gjennom profetane, har han no i desse siste dagar tala til oss gjennom Sonen. Han har han sett som arving til alle ting. Ved han har han òg skapt verda».



Skrifta sitt vitnemål om seg sjølv

Jesus ber for apostlene, Joh 17:20 «Eg bed ikkje berre for desse, men òg for dei som ved orda deira kjem til tru på meg»,

Apostlane er truverdige vitne som Jesu nære medarbeidarar:

- **Johannes 15:27** «Men de òg skal vitna, for de har vore med meg frå det fyrste».
- **1.Joh 1:1-3** «Det som var frå opphavet, det som vi har høyrte, det som vi har sett med augo våre, det som vi såg og hendene våre rørde ved, om livsens Ord, – og livet vart openberra, og vi har sett det og vitnar og forkynner dykk livet, det evige, som var hjå Faderen og vart openberra for oss – det som vi har sett og høyrte, det forkynner vi dykk, så de òg kan ha samfunn med oss. Og vårt samfunn er med Faderen og med hans Son, Jesus Kristus».



Skrifta sitt vitnemål om seg sjølv

Apostlane er sende av Kristus som autoriserte vitne om hans liv, død og oppstode:

Lukas 24:44-49 «Så sa han til dei: Dette er orda mine, som eg tala til dykk medan eg endå var hjå dykk, at det laut oppfyllast alt det som er skrive om meg i Moselova og profetane og salmane. Då opna han for tankane deira, så dei kunne skjøna Skriftene. Og han sa til dei: Så står det skrive, at Messias laut lida og stå opp att frå dei døde tredje dagen, og at omvending og forlating for syndene skal forkynnast i hans namn for alle folkeslag, frå Jerusalem og vidare ut. De er vitne om dette. Og sjå, eg sender over dykk det som Far min har lova. Men de skal halda dykk i byen til de vert kledde i kraft frå det høge».




Skrifta sitt vitnemål om seg sjølv

Sidestilling av Moselova og eit Jesusord som ord frå «Skrifta»:

1.Tim 5:18 «For Skrifta seier: Du skal ikkje setja muleband på ein okse som treskjer! – Og: Arbeidaren er si løn verd!»


Peter talar om Paulus' brev på linje med «dei andre skriftene».

2.Pet 3:15-16 «Såleis har òg vår kjære bror, Paulus, skrive til dykk, etter den visdomen han har fått. Det har han gjort i alle breva der han talar om dette. I dei er det noko som er vanskeleg å skjøna, og som dei ustøe og ulærde vrangtolkar, slik dei gjer med dei andre Skriftene òg, til sin eigen undergang».




Gud skaper ved sitt ord.

1.Mosebok 1:1-3 «I opphavet skapte Gud himmelen og jorda. Og jorda var aud og tom, mørker låg over det store djupet, og Guds Ande sveiv over vatna. Då sa Gud: Det verte lys! Og det vart lys».



Guds ord er eit livgivande ord.

Esekiel 37:9-10 «Då sa han til meg: Profeter og tal til Anden! Profeter, menneskeson, og sei til Anden: Så seier Herren Herren: Kom, du Ande, frå dei fire vindar og blås på desse drepne mennene, så dei kan verta levande! Eg profeterte slik som han hadde bode meg. Og Anden kom i dei, og dei vart levande og reiste seg på føtene – ein stor, ein overlag stor hær».




Jesus – vår autoritet i Bibelsynet

- **Johannes 5:46-47** «For hadde de trudd Moses, hadde de òg trudd meg, for det er om meg han har skrive. Men når de ikkje trur skriftene hans, korleis kan de då tru orda mine?»
- **Matteus 5:18** «Sanneleg, eg seier dykk: Før himmel og jord forgår, skal ikkje den minste bokstav eller ein einaste prikk i lova forgå – før alt har hendt».
- **Markus 7:7-9** «Fåfengt dyrkar dei meg, for dei lærer frå seg lærdomar som er menneskebod. 8 De forlét Guds bod, men held fast på føresegner frå menneske. 9 Og han sa til dei: De set Guds bod fint til side for å halda dykkar eigne føresegner!»




Bibelen – det profetiske ord

2.Pet 1:19-21 «Og dess fastare har vi profetordet, som de gjer vel i å akta på. Det er som ei lampe som lyser på ein mørk stad, til dagen lyser fram og morgonstjerna går opp i hjarto dykkar. For fyrst og fremst veit de dette, at ikkje noko profetord i Skrifta er gjeve til eiga tyding. For aldri har noko profetord vorte til ved menneskevilje, men dei heilage Guds menn tala drivne av Den Heilage Ande».



Bibelen – det profetiske ord

Jesaja 41:21-24 «Kom hit med saka dykkar, seier Herren. Kom fram med dykkar grunnar og prov, seier Jakobs konge. Lat dei koma fram med dei og kunngjera for oss det som skal henda! Fortel oss om det som har vore, så vi kan leggja merke til det og læra kva utgangen vert! Eller lat oss få høyra om det som skal henda! Kunngjer kva som skal koma heretter, så vi kan vita at de er gudar! Ja, gjer noko godt eller noko vondt, så vi kan sjå det alle saman og undrast! Sjå, de er ingenting, og verket dykkar er ingenting! Ein styggedom er den som vel dykk».



Det er ved sitt ord og ved sin Ande at Gud skapar og gjev åndeleg liv.

Romerbrevet 10:17 «Så kjem då trua av forkynninga som ein høyrer, og forkynninga som ein høyrer, kjem ved Kristi ord.»

Bibelen gjev oss tydelege formaningar om å dele det vi har fått:

Kolosserbrevet 3:16 «Lat Kristi ord bu rikeleg mellom dykk, så de lærer og formanar kvarandre i all visdom med salmar og lovsongar og åndelege viser og syng for Gud med takksemnd i hjarto dykkar».

Derfor er det så avgjerande viktig at du deler det du har fått.

1.Korinterbrev 14:26 «Korleis er det då, brør? Når de kjem saman, då har kvar av dykk ein salme, ein lærdom, ei openberring, ei tunge eller ei tyding: Lat alt vera til oppbygging».

Salme 119:89: «Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen.»

